



UNIVERSITETET I BERGEN

Institutt for fremmedspråk (IF)

Møtereferat, programstyret for spansk språk og latinamerikastudium

Dato: 4. mai 2016

Til stade på møtet: Kari Soriano Salkjelsvik (fagkoordinator), Margrete Dyvik Cardona, Ana Beatriz Chiquito, Anette Marie Myre Jørgensen, Jon Askeland, Julie Bergmann (studentrepresentant), Talania Johansen (studentrepresentant) og Hanne Svanholm Misje (sekretær – vikar for Ingvild Nilssen).

Innkalling og saksliste vart godkjent

Merknad: Fleire uttrykte at dei ikkje hadde mottatt innkallinga til møtet. Medlemmane i programstyret ber om at innkallinga blir sendt ut til e-postlista spansk.if@uib.no i framtida.

Møtereferat frå førre møte vart godkjent

1. Orienteringssaker

a) Mastersøknader

Det er totalt 18 søkjarar på masterprogrammet i spansk språk og latinamerikastudium. Av desse har 17 søkjarar masterprogrammet som førsteprioritet i søknaden sin. Masterprogrammet har ti studieplassar.

b) POLAME-prosjektet og NORPART-søknad

POLAME: fekk besøk av fire forkarar, tre lingvistar frå Argentina og ein frå Colombia. Deltok i undervisninga på SPLA207/257. Studentrepresentantane likte omsetjingsdelen av forelesinga godt.

Det var semde om at POLAME-seminaret var både kjekt og produktivt.

NORPART (ikkje NORPRAT): er eit nytt program frå SiU, for mobilitet for studentar og ansatte. Skal begynne i fem land: Colombia, Bolivia, Nicaragua, Peru og Cuba. Dette er eit omfattande prosjekt å starte på, men det bør leggjast ned arbeid i søknaden. Programmet er kun for master og phd-studentar, og må gå begge vegar (både inn- og utveksling). Det er ein krevjande søknad, og SiU krev mykje og detaljert informasjon. Studieadministrativ avdeling skal ikkje administrere dette, så det blir opp til fakultetet eller instituttet.

c) Timeplan

Kari deler ut timeplan for hausten og ber om tilbakemeldingar på denne.

d) Eksamensarbeid

1) Innlevering av obligatoriske arbeidskrav: Mogleg emneplanendring i SPLA117 → emneansvarleg vil at innlevering av obligatoriske arbeidskrav skal skje på same tidspunkt kvart år, og at dette skal stå i emneskildringa. Dette må då opp som sak i programstyret i haust.

2) Eksamensoppgåver: studentar etterspør tidligare gitte eksamensoppgåver

3) Rutine for lister for registrering av obligatoriske aktivitetar: Det er ønskjeleg med ei fastare rutine når det gjeld lister for registrering av obligatoriske aktivitetar. Det blir satt opp eit møte mellom dei faglege og eksamenskonsulentene på spansk.



UNIVERSITETET I BERGEN

Institutt for fremmedspråk (IF)

e) Symposium forskargruppe for litteratur/kultur

Innkallinga må rettast slik at det står *litteratur*, ikkje *litterar*. Symposiumet er frå 9-10. juni.

f) Praksis i utdanninga

Kari er med i ei gruppe som skal komme med forslag til eit emne som inkluderer praksis for studentar ved IF. Emnet vil ha ein teoretisk del + praksis, og studentane vil få studiepoeng for emnet.

2. Vedtakssaker

a) Inkludering av Spania

Tema frå Spania skal inkluderast i studiet. Det vil fortsatt vere fokus på Latin-Amerika, men vil også inkludere Spania.

Vedtak:

Programstyret gjorde vedtak om at det offisielle namnet på faget skal vera Spansk og Latinamerikastudium. Det medfører at emne/modular frå spansk litteratur, kulturkunnskap og historie lettare kan integrerast i studietilbodet, i den grad det er aktuelt.

3) Ymse

Norsk Latin-Amerika konferanse er i Bergen tidleg i september (1-2. september). Fleire her har meldt inn panel. Det bør ikkje vere undervisning desse dagane.

Merknadsfrist:

30.05.2016/HAMI